

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 71/2002
av 25. juni 2002

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 149/2001 av 11. desember 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/25/EF av 27. desember 2000 om forbud mot bruk av visse animalske biprodukter i fôrvarer⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2001/399/EF av 7. mai 2001 om godkjenning av at den franske databasen for storfe er i full drift⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 1.2 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 109 (kommisjonsvedtak 2000/734/EF) skal nytt nr. 110 lyde:
“110. **32001 D 0025**: Kommisjonsvedtak 2001/25/EF av 27. desember 2000 om forbud mot bruk av visse animalske biprodukter i fôrvarer (TEF L 6 av 11.1.2001, s. 16).”

⁽¹⁾ TEF L 65 av 7.3.2002, s. 20, og EØS-tillegget til TEF nr. 13 av 7.3.2002, s. 13.

⁽²⁾ TEF L 6 av 11.1.2001, s. 16.

⁽³⁾ TEF L 140 av 24.5.2001, s. 69.

2. Etter nr. 12 (kommisjonsvedtak 1999/571/EF) under overskrifta “*RETTSAKTER SOM EFTA-STATANE OG OVERVAKINGSORGANET TIL EFTA SKAL TA TILBØRLEG OMSYN TIL*” skal nytt nr. 13 lyde:

“13. **32001 D 0399**: Kommisjonsvedtak 2001/399/EF av 7. mai 2001 om godkjenning av at den franske databasen for storfe er i full drift (TEF L 140 av 24.5.2001, s. 69).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2001/25/EF og 2001/399/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. juni 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 25. juni 2002.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.